



Folkestad barnehage  
*Ein god stad å vere, ein god stad å lære*

# Årsplan 2020 – 2021

Folkestad barnehage

- Ein god stad å vere – ein god stad å lære

## **INNHOLD**

Folkstad barnehage	s. 3
Avdelingar og personalet	s.3 – 4
Åpningstider, ferie. plandager	s. 4
Mat og drikke med pris	s. 4
Oppsigelse av barnehageplassen	s. 4
Barnehagen som pedagogisk verksemد	s. 5
Hovedmål for Folkestad barnehage	s. 5-6
Barnehagens satsningsområde	s. 6-7
Andre område som barnehagen jobber med	s. 8-9
Barns medverknad	s. 10-11
Språkleg kompetanse	s. 11
Omsorg, leik og læring	s. 12-14
Sosial kompetanse, mobbing	s 14-15
Likestilling	s. 15
Progresjon	s. 16
Oppstart og overgangar	s. 17-18
Plan for førskuleklubb	s 19-20
Partnerbarnehage og planlegging	s 20
Dokumentasjon	s 21
Vurdering, kartlegging og observasjon	s 21-22
Samarbeidspartnarar	s 22-23
Årshjul	s 24-25

## **Folkestad barnehage**

Folkestad er ein kommunal barnehage som blei oppretta 1.august 2010. Det er fire avdelingar. Frå hausten 2020 er det 70 barn og 23 tilsette i barnehagen.

### **Avdelingane er:**

#### **Bjønn**

Her er det plass til 24 barn frå 4 til 5 år.

#### **Personalet er:**

- Unni Øya - Pedagogisk leiar
- Maria Klonteig - Pedagog
- Turid Tjønntveit - Fagarbeider
- Trine Svendsen -Fagarbeider
- Hilde Kolbu - Fagarbeider 40%

#### **Jåså**

Her er det plass til 24 barn frå 3 til 4 år.

#### **Personalet er:**

- Ruth Haugland - Pedagogisk leiar
- Anne Lise Ø. Vegheim - Fagarbeider
- Monica Stålen - Fagarbeider
- Åse Straume - Assistent
- Hilde Kolbu - Fagarbeider 20%

#### **Ikønn**

Her er det plass til 12 barn i alderen 0 til 2 år.

#### **Personalet er:**

- Line Cecilie Haugerud - Pedagogisk leiar
- Berit Sannes - Pedagog
- Hanne Mette Brekkestø - Assistent
- Razia Amirmohammadi - Assistent

#### **Fivrill**

Her er det plass til 12 barn i alderen 0 til 2 år.

#### **Personalet er:**

- Torunn Dyrud - Pedagogisk leiar
- Kari Iren Almankås - Pedagog
- Anne Grete Furuvald - Fagarbeider
- Jeanett Christiansen - Fagarbeider
- Halvard Tveitan - Lærling 20%

**Einingsleiar :**

- Tone Forberg

**Spesialpedagog:**

- May Britt Lie Vaaer

**Opningstid, ferie og planleggingsdagar**

Barnehagen har opningstid mellom 07.15 til 16.45. Det vil si at foreldre/føresette med heildagsplass disponerer plassen frå klokka 07.15 og skal vera ute av barnehagen klokka 16.45.

Barnehagen er stengt jul og nyttårsaftan og onsdag før skjærtorsdag.

Ellers held barnehagen sommarstengt i veke 29, 30 og 31. Alle barn må ha tre veker samanhengande sommarferie.

Det er 5 planleggingsdagar i barnehageåret, og for 2020/21 har vi no fastsett desse dagane.

- **13.08**
- **14.08**
- **06.11**
- **04.01**
- **14.05**

**Mat og drikke**

Barnehagen serverar 3 måltid med drikke til dagen. Vi har frukost frå kl 08.00 til 08.30.

Ynskjer ein å ha frukost i barnehagen må ein vera til stades før kl 08.30. Barnehagen har fokus på sunn mat og følger dei nasjonale retningslinjene for mat og måltider i barnehagen.

**Oversikt over kva det kostar for mat og drikke i månaden**

- 5 dagarsplass kr 350
- 4 dagarsplass kr 280
- 3 dagarpllass kr 210

Denne summen vil koma i tillegg på barnehagerekninga kvar månad.

Juli er ein betalingsfri månad.

**Oppseiing av barnehageplassen**

Ynskjer dykk å sei opp plassen må dette skje elektronisk via heimesida til Midt-Telemark kommune. Det er ein månads oppseiingsfrist frå 1 i kvar mnd. Blir ikkje barnehageplassen betalt innan fristen, kan barnehagens eigar seie opp plassen.

## **Barnehagen som pedagogisk verksemd**

Barnehagen skal vere ein pedagogisk tilrettelagt verksemd. Ein årsplan skal synleggjera barnehagens pedagogiske arbeid og vera eit grunnlagsdokument for personalet og eit utgangspunkt for samarbeid med foreldra.

Planen skal bidra til å styre og vurdere arbeidet i barnehagen. Den skal gje informasjon om barnehagens innhald til eigar, foreldre, politikarar og andre interesserte.

Ved utarbeiding av ein årsplan må personalet ta utgangspunkt i:

- **Lov om barnehager**
- **Rammeplanen**

Rammeplanen for barnehagen gjev retningslinjer for barnehagens verdigrunnnlag, innhald og oppgåver. Den legg vekt på at barnehagens innhald skal byggast på eit heilhetleg læringssyn, kor omsorg, danning, leik og læring er sentrale delar. Vidare trekker den fram språk og sosial kompetanse i tillegg til sju fagområde.

### **Dei sju fagområda er:**

- **Kommunikasjon, språk og tekst**
- **Kropp, rørsle og helse**
- **Kunst, kultur og kreativitet**
- **Natur, miljø og teknologi**
- **Etikk, religion og filosofi**
- **Nærmiljø og samfunn**
- **Tal, rom og form**

For kvart fagområde er det formulert mål for arbeidet med å fremme utviklinga og læringa til barna og presisere personalansvaret. Måla som rettar seg mot barnas opplevingar og læring er prosessmål. Det vil sei at det er sjølve læringsområdet og arbeidsmåltane barna skal bli kjend med.

### **Hovudmål for Folkestad barnehage**

- Fremme utvikling, sjølvstende og læring
- Gje barna eit trygt og stabilt miljø kor enkeltbarns behov blir sett og ivaretatt
- Skape gode utviklingsmoglegheiter for kvar enkelt barn

### **Dei vaksne i barnehagen skal leggje til rette for:**

- Iwareta og vidareutvikle barnas leik
- Gje borna gode opplevingar
- Vere gode rollemodellar
- Gje omsorg
- Humor i kvardagen
- Tid til undring

- Faste rammer
- Utvikling av venskap
- Barns medverknad og medbestemming
- Gje utfordringar og aktivitetar etter barns utvikling og behov



## **Barnehagens satsningsområde for 2020- 2021 er realfag og IKT**

### **Realfag**

Realfag blir knytt opp til natur, miljø, teknologi og mengd, rom og form som er to av fagområda i rammeplanen.

Barn har ei naturleg interesse for realfag. Dei er vitebegjærlege, nysgjerrige og utforskar omgjevnadane. Forsking viser til at arbeid med realfag kan ha betydning for barns kognitive og språklege utvikling og ha ein positiv effekt på seinare prestasjonar i skulen. Arbeid med realfag er forankra i rammeplanen for barnehagar og skal foregå på barnehagens premisser. Barnehagen har eit ansvar for å oppmuntre barns eigen utforskning og legge til rette for god og tidleg stimulering.

Som realfagsbarnehage skal vi som vaksne vera med på å auke barns læring og motivasjon i matematikk og naturfag. Vi skal bli meir bevisste på det daglege arbeidet som omhandlar realfag. Personalet skal bidra til at barn lærer å iaktta, undre seg, eksperimentere, systematisere, beskrive og samtale om fenomen i den fysiske verden.

### **IKT og bruk av digitale verktøy**

Kunnskapsdepartementet har utarbeidd ein strategi for barnehagane si utvikling av kompetanse og rekruttering. Strategien er gjeldande for 2014 til 2020 og er kalla *Kompetanse for framtidens barnehage*. Eit av dei overordna satsingsområda er bruk av IKT.

Kreativ bruk av IKT skal vere ein del av kvardagen i barnehagen, og dei statlege føringane på dette området har blitt stadig sterkare dei siste åra.

Rammeplanen vektlegg bruk av IKT i barnehagen og vi skal jobbe med å utforske dei moglegheitene det kan gje for alle barn. Ifølge rammeplanen er det slik at barn bør få oppleve at digitale verktøy kan vera ei kjelde til leik, kommunikasjon og innhenting av kunnskap. Ein kan på den måten skape eit rikt og allsidig læringsmiljø.

Personalet skal:

- Utøve digital dømmekraft når det gjelder informasjonssøk, ha eit bevist forhold til opphavsrett og kjeldekritikk samt ivareta barnas personvern
- Legge til rette for at barn utforskar, leiker, lærer og sjølv skaper noko gjennom digitale uttrykksformer
- Vurdere kva som er relevant og egna, samt delta i barnas mediebruk
- Utforske kreativ og skapande bruk av digitale verktøy saman med barna

Digitale verktøy skal brukast med omhug og ikkje dominere som arbeidsmåte.

### **eTwinning**

Barnehagen er med i eTwinning som er EU – kommisjonens portal for digitalt samarbeid i Europa. Dette er eit tilbod som skal styrke og utvikle nettverksbygging mellom barnehagar i Norge og Europa. På ein enkel måte skal man kunne bygge pedagogiske partnarskap med andre barnehagar og bidra til innovative samarbeidsformer, styrke språkopplæring, spreiing av god praksis samt bidra til kompetanse i pedagogisk og samarbeidsretta bruk av IKT. 2019-2020 er barnehagen sertifisert som eTwinning school.

### **Erasmus+ prosjekt. Eco tweet.**

Me vil fortsette å jobbe med Erasmusprosjektet vårt. Dette er et prosjekt som me har fått støtte frå EU for å kunne gjennomføre. Me jobbar saman med Hellas, Tyrkia, Estland, Island og Sverige. Tema er «den lille forsker», me vil jobbe med blant annet fornybare ressursar og de fire elementa eld, luft, jord og vatn. Arbeidet vil halde fram i 2020/2021, det har blitt forlenga på grunn av koronasituasjonen.



### **Andre område som barnehagen jobbar med:**

#### **Miljøfyrtårn**

Folkestad er ein miljøfyrtårn barnehage. Å vere miljøfyrtårn barnehage inneber systematisk arbeid med miljøtiltak i kvardagen. Vi må oppfylle krav og gjennomføre tiltak for ein miljøvennleg drift og eit godt arbeidsmiljø.

Vi kjedesorterer og lærer barna å sortere søppel i dei forskjellige dunkane. Søppeldunkane er merka med bilete som viser kva dei skal innehalde.

#### **Barn som bekymrer**

I 2014 blei Bø kommune med i prosjektet *Barn i rusfamiliar – tidlig intervension* i regi av Kompetansesenter rus – region sør, Borgestadklinikken. Gjennom prosjektet har man valt å fokusere på alle barn som bekymrar, uavhengig av bakanforliggande årsak. I denne forbindelse så er det utarbeida ein handlingsrettleiar for personalet i barnehage og skule. Denne rettleiarene er utgangspunkt for ulike kompetansetiltak for personalet gjennom året.

## DUÅ – De utrolige årene

Personalet har gjennomført ei kursrekke på 6 heildagssamlingar. Gjennom denne opplæringa har personalet fått kjennskap til fleire gode strategiar for å fremme sosial og emosjonell kompetanse hos barn. Vi skal fortsette og vidareutvikle denne kompetansen. De utrolige årene handlar om korleis fremme barnas sosiale og emosjonelle kompetanse.





## Barns medverknad

*"Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet. Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltagelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet. Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet."*

### (Barnehageloven § 3 Barns rett til medvirkning)

Barns medverknad handlar om at barn har rett til å uttrykke seg og få innflytelse på kva som skal skje og korleis det skal gjerast. Kor omfattande medverkinga vil vera og korleis retten til medverknad vert praktisert vil avhenge av barna sin alder og funksjonsnivå.

Medverknad handlar ikkje berre om å bestemme kor ein vil gå på tur eller kva eventyr ein skal lesa. Medverknad handlar om å virke med, ha innflytelse på noko saman med nokon.

Når barn får vere med å bestemme noko får dei oppleve at det dei seier betyr noko og at dei har innverknad på deira eigen kvardag.

## **Korleis jobbar vi med barns medverknad**

Vi tek utgangspunkt i barnas eigne uttrykksmåtar. Dei vaksne må lytte og prøve å tolke barnas kroppsspråk, vera observante i forhold til deira handlingar, estetiske uttrykk og etter kvart deira verbale språk.

Dei minste barna uttrykker seg ofte gjennom mimikk, kroppshaldning og andre følelsesmessige uttrykk.

**Noko av det vi gjer saman med barna er å:**

- Tilrettelegge det fysiske miljøet slik at barna sjølv vel det dei vil leike med
- Har ordensbarn som utfører ulike arbeidsoppgåver
- Barna har medråderett på korleis dei vil ha bursdagsfeiringa.
- Lar barna vera med å påverke kva ein legg opp til av kvardagsaktivitetar
- Vaksne ser kva barna interesserer seg for å legg til rette for vidareutvikling på barnas premisser

## **Språkleg kompetanse**

Småbarnsalderen er den grunnleggande perioden for språkutvikling. For å sikre god språkstimulering skal personalet vere gode språkmodellar og bruke språket aktivt. I kvardagen skal vi skape eit miljø i barnehagen kor språkstimulerande aktivitetar har ein sentral plass. Vi skal sørge for at barna får varierte og positive erfaringar med å bruke språket som kommunikasjonsmiddel. Barn med eit anna morsmål enn norsk må ein støtte slik at dei kan få nytta sitt morsmål og samtidig arbeide med å fremje den norskspråklege kompetansen til barna.

**Dei vaksne skal:**

- Gje plass til dialogen
- Fortelje eventyr
- Lese rim og regler
- Tulle og tøyse med ord
- Bruke konkretar for å tydeleggjere språket
- Benevne
- Bekrefte
- Gjenta
- Sette ord på opplevingar og følelsar
- Gjere barna nysgjerrige på skriftspråket gjennom å lese
- Skrive og synleggjere skrift for barna
- Bruke alternativ kommunikasjon til dei barna som treng det



## Omsorg, leik og læring

### Omsorg og danning

*Danning er ein livslang prosess som blant annet handler om å utvikle evne til å reflektere over egne handlinger og væremåte.*

Rammeplanen kap. 1.3

Omsorg skal prege alle situasjonar og koma til uttrykk i kvardagslivet i barnehagen som leik og læring, i stell, påkledning og måltid. Omsorg og danning handlar både om relasjoner mellom barn og vaksne og barnas omsorg for kvarandre. Å gje barna moglegheiter til å gje kvarandre og ta imot omsorg er grunnlaget for utvikling av sosial kompetanse. Det er gjennom omsorg og danning vi skal være med å gjøre barna trygge for å skape føresetnad for trivsel og utvikling.

### Dei vaksne i barnehagen skal.

- lytte til barna
- anerkjenne
- sjå barnas behov
- ha evne til samspill
- rettleie
- gje utfordringar
- være inkluderande
- alltid ha eit fang til trøst eller kos



## Leik

Leiken skal ha gode vilkår i barnehagen og det krev at personalet har respekt for leiken til barna. Barna må få nok plass og skjerma tid for at den gode leiken kan få utvikle seg.

Leik er ein viktig læringsform. Barna utviklar venskap, trivsel og legger grunnlaget for sosial kompetanse. Det å leike utfordrar evna til problemløsing, ansvar og forpliktelse i forhold til medleikar.

I rollelek lærer dei å innordne seg sosiale reglar, ta andres roller og språkevna stimuleras.

### Dei vaksne i barnehagen skal:

- sikre at alle barn får tatt del i leikefellesskapet
- legge til rette for variert leik, både fysisk og organisatorisk
- gje alle barn leikefaringar
- gje leikestøtte til dei barna som treng det
- ha respekt for barnas leik
- være tilstade for barna
- opprette leikegrupper

## Læring

Læring er ein prosess som varar heile livet. Barnehagen skal legge til rette for eit godt læringsmiljø for alle barn. Personalet skal legge til rette slik at barnehagen blir ein god læringsarena som gjev barna oppleving av meistring og glede.

### **Dei vaksne i barnehagen skal:**

- Støtte barnas nysgjerrigkeit, kreativitet og vitebegjær
- Gje utfordringar innafor deira meistringsområde og interesseområde
- Vere gode rollemodellar for barna
- Skape eit miljø med rom for undring
- Vere gode språklige samtalepartnerar som er med på å utvikle barnas språk



### **Sosial kompetanse**

Sosial kompetanse handlar om å kunne samhandle positivt med andre mennesker i ulike situasjonar. I det daglege samspelet i barnehagen tileignar barna seg sosiale ferdighetar. Vår oppgåve er å støtte og legge til rette for utvikling av den sosial kompetansen ved å oppmuntre til positive handlingar.

### **Vi legger vekt på at barna skal lære å:**

- Invitere kvarandre inn i leiken
- Vise kvarandre respekt
- Løyse konfliktar
- Ta omsyn til kvarandre
- Vise empati
- Trøste kvarandre
- Rose kvarandre

- Respektere ulikhetar
- Samarbeide med andre
- Utvikle sjølvstende

## **Mobbing**

Når ein arbeidar med sosialkompetanse vil det også vera naturleg å ha fokus på temaet mobbing. For å arbeide mot, førebygge og avdekke mobbing skal personalet jobbe aktivt for å gje alle barna gode utviklings og aktivitetsmoglegheiter. Det skal formidlas verdiar som fellesskap, omsorg og medansvar.

Tilsette skal ha ein aktiv haldning mot mobbing.

Ved å analysere miljøet i barnehagen jevnleg kan ein raskt sette i gang tiltak dersom mobbing blir påvist.

### **Definisjon på mobbing:**

*Mobbing er gjentatt negativ eller ondsinnet atferd fra en eller fleire rettet mot et barn som har vansker for å forsvere seg. Gjentatt erting på en ubehaglig og sårende måte er også mobbing. Atferden må finne sted 2 eller 3 ganger i måneden eller oftere for å defineres som mobbing. (Udir.no)*

## **Likestilling i barnehagen**

*Omsorg, oppdragelse og læring i barnehagen skal fremme menneskelig likeverd, likestilling, åndsfrihet, toleranse, helse og forståelse for bærekraftig utvikling. (Barnehageloven § 2 Barnehagens innhald)*

Dette betyr at personalet skal være seg bevisst sine haldningar til likestilling mellom kjønna.

### **Dei vaksne skal:**

- Gje gutter og jenter moglegheiter og tilbod til dei same aktivitetar uavhengig av kjønn og alder
- Utforme det fysiske miljøet utifrå barnegruppa og ikkje utifrå gutter/jenter
- Reflektere over sine eigne haldningar til samfunnets forventingar til gutter og jenter
- Møte andre kulturar med respekt og undring



## Progresjon i barnehagen

Barnehagen skal skape ein progresjon i innhaldet og bidra til utfordringar for barna slik at dei til ein kvar tid har noko å strekke seg etter. Opplevingar, aktivitetar og utfordringar skal auke i takt med alder og modning. Det er dei tilsette sitt ansvar å legge til rette slik at denne progresjonen finner sted.

Vi har alders inndelte grupper kor vi tilrettelegger aktivitetar etter alder og modenhet.



## Når barnet ditt begynner i barnehagen

Dei første dagane er det viktig at mor eller far er med og at dagane ikkje blir for lange. Dette kan dykk snakke med personalet på avdelinga om slik at tilvenninga blir individuelt tilpassa. Vi treng dykkar telefonnummer slik at vi lett kan få tak i dykk vis det skulle vera noko. Dykk må bare ringe til barnehagen for å høre korleis det går.

Det viktigaste vi arbeider med i oppstarten, er å gjere barna trygge og kjente i barnehagen. Barnehagen er som regel barnets første store møte med andre vaksne og ikkje minst andre barn.

Barnehagen er også den første utdanningsinstitusjonen barnet stiftar kjennskap med. I Folkestad barnehage er vi opptatt av at dette møte skal bli positivt. Vi vil jobbe intensivt og målretta for at barna skal trivast og føle tilhøyring.

For å gjere tilvenninga lettare, får dykk ein primærkontakt. Primærkontakta sørger for at dykk får all den hjelp og støtte dykk treng for at tilvenningsperioden blir ein god og positiv oppleveling. Det er viktig at vi bruker god tid på tilvenning, der barnet først blir særlig kjent med ein voksen, før deretter å utvide horisonten til resten av personalet på avdelinga og dei andre barna.

Det er stor forskjell på korleis barn reagerer på møte med barnehagen. I samarbeid med foreldra tilpassar vi tilvenninga etter barnets behov.

I løpet av den første tida i barnehagen vil foreldra få tilbod om ei oppstartssamtale. Her er barnets trivsel og behov i fokus. I denne samtala snakkar ein saman om forventningane til tida framover og foreldra gis moglegheit til å gje tilbakemeldingar på tilvenninga så langt.



## **Overgang frå småbarn til storbarnavdeling**

Vi legger til rette for ein god overgang frå liten til stor avdeling. Alle barn har ulike behov og sårbarhetsgrad i forbindelse med endringar. For å ivareta kvart enkelt barns tryggleik, trivsel og utvikling skal informasjon overførast mellom pedagogane på dei ulike avdelingane. Dei barna som skal over frå ein avdeling til ein anna er på besøk den siste tida før sommarferien.

## **Overgang barnehage – skule**

Bø kommune har utarbeida ein samarbeidsplan for barnehagane og skulane i kommunen. Målet for overgangen er: Å skape ei positiv oppleving av overgangen frå barnehage til skule.

## PLAN FOR FØRSKULEKLUBBEN

### Hovudmål:

Å skape ei positiv oppleving av overgangen frå barnehage til skule.

INNHOLD	ARBEIDSMETODAR	MÅL
Sjølvstende	Øve på å klare seg sjølv ved til dømes påkledning og kvardagsaktivitetar. Me ønskjer å ha fokus på å ta egne val og å kunne medverke i gruppa.	At barna lærer seg å vere sjølvstendige og bli trygge på seg sjølv. Lære å kle seg, ta hensiktmessige val, og kunne si si meining.
Sosial kompetanse	Snakke om vennskap og kjensler. Øve på å vente på tur. Lytte til andre og hjelpe kvarandre. Den sosiale kompetansen utviklast i samhandling, derfor er leiken ein viktig arbeidsmetode. Øve på å oppretthalde konsentrasjon over lengre tid.	Etablere og vedlikehalde relasjonar, vennskap og fellesskap. Få forståing for andre menneske, og lære seg å kunne medverke positivt i samhandling. Kunne ta ein beskjed og følgje den opp.
Språkstimulering	Bruke rim, regler, songleikar og høgtlesing. Tekstskaping. <u>Bli kjent</u> med bokstavar og lydane til bokstavane på ein visuell og munnleg måte. Bruke konkretar og bilde. Bruke trykkskrift i det visuelle.	Utvikle språkforståing. Skape interesse for skriving, og lære rett blyantgrep. Lære å skrive namnet sitt.
Natur, miljø og fysisk aktivitet	Gå turer i nærmiljøet. Her og i barnehagens uteområde legg me til rette for barnas kroppslege leik. Me knytter ulike tema opp mot dette.	Få positive erfaringer med natur og med kroppslig meistring. Bli godt kjent i nærmiljøet.

Trafikk	Øve på å gå i trafikken i nærmiljøet, og ha samlingar med trafikk som tema.	Lære korleis ein skal ferdas i trafikken. Å kunne enkelte skilt. Vite bruken av gangfelt.
Tall, rom og form	Me spiller spill, teiknar, leiker og arbeider med arbeidsboka vår.	Skape interesse og utvikling av forståing for tall og mengder.

## Partnerbarnehage

Folkestad barnehage er ein partnerbarnehage. Det inneber at vi tek imot studentar frå barnehagelærarutdanninga ved Universitetet i SørvestNorge (USN). Barnehagen tek også imot praksiselevar frå ungdomskulen, barne og ungdomsarbeiderar, vaksenopplæringa i kommunen og tilrettelegge for arbeidspraksis for kandidatar frå Talenthuset (NAV)

## Planlegging

I Folkestad barnehage er vi opptekne av at heile barnehagen skal fungere som ei eining og at det skal vera eit godt samarbeid mellom avdelingane.

Eit godt personalsamarbeid er viktig for å få til ein god barnehage. Eit personale som samarbeider godt, støttar, hjelper og viser omsorg for kvarandre er også gode modellar for barna.

Personalalet må ha tid til å diskutere:

- Målsettingar og metodar
- Aktivitetar for barna
- Utfordringar som oppstår med gruppa eller enkelt barn
- Å samordne informasjon

## Eit aktivt og godt fagmiljø er viktig for oss alle.

Barnehagen har desse møtepunkta for personalet:

- Avdelingsmøte ein gong kvar 14 dag
- Ped.leiar møte kvar 14.dag
- 5 planleggingsdagar i løpet av barnehageåret
- Personalmøter

## Dokumentasjon

Vurdering og dokumentasjon er eit av dei viktigaste verktøya for systematisk kvalitetsutvikling. Dette er ei støtte for dei vaksne i planleggingsarbeidet. Kunnskap og synleggjering av personalets arbeid og barnas verksmed i barnehagen er viktig som grunnlag for barnehagens utvikling og vidare arbeid.

Tilbakemeldingar og evaluering frå foreldre/føresette er også eit viktig ledd i å forbetre og vidareutvikle barnehagen vår.

Barnehagens dokumentasjon gjev dykk som foreldre/føresette ein moglegheit til eit innblikk i kva barna opplever, lærer og gjer når dei er i barnehagen. Det pedagogiske arbeidet blir blant anna dokumentert gjennom :

- Månadsplanar
- Dokumentasjon ved hjelp av biletar frå prosessane til barna
- Utstillingar
- Praksisfortellingar

Dokumentasjon er ein viktig del og eit pålegg i Rammeplanen. Ved å bruke dokumentasjon vil ein kunne få fram ulike oppfatningar og opne opp for ein reflekterande praksis.

Bildedokumentasjon er eit hjelpemiddel for å vise korleis aktiviteten har utvikla seg fram til det endelege resultatet.

## Vurdering

*Barnehagen skal jevnlig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrives, analyseres og fortolkes ut frå barnehagens planer, barnehageloven og rammeplanen. Hovedformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod i tråd med barnehageloven og rammeplanen.*

*(Rammeplanen 2017)*

For å sikre at vi er på veg mot målet er det viktig å evaluere undervegs. Når avdelingar planlegg og gjennomfører ulike tiltak og aktivitetar skal det bygge på observasjonar og erfaringar. Barna skal også tas med i evalueringa slik at dei kan få sette sitt ord på sine opplevelingar av aktivitetane.

Vårt vurderingsarbeid baserast på tilbakemeldingar frå barn, foreldre, observasjonar, barnesamtaler, dokumentasjonsarbeid og refleksjonar i personalgruppa.

Målet med vurdering i barnehagen er å skape den gode barnehage for det enkelt barn.

Vurderingar som blir gjort er utgangspunkt for vidare og ny planlegging av vårt arbeid.

## **Kartlegging og observasjon**

Systematisk observasjon og kartlegging tas i bruk ved behov og etter avtale med føresette. Vi nyttar kartleggingsverktøy som TRAS (tidlig registrering av språk) dersom vi finner det hensiktsmessig å undersøke barnets språkutvikling meir spesifikt. Vi bruker også kartleggingsverktøyet ALLE MED (språklig og sosial utvikling) og MIO (barns matematiske utvikling frå 2 til 5 år)

## **Samarbeidspartnarar**

### **Foreldre**

Foreldre og føresette er våre viktigaste samarbeidspartnarar. For at dette samarbeidet skal fungere best mogleg legg vi til rette for:

- Foreldremøte for nye foreldre i juni før nytt barnehageår
- Oppstartsamtale når ein er ny i barnehagen
- Tilbod om minst to foreldresamtaler i året, ved behov legg vi til rette for fleire
- Eitt foreldremøte i året
- Alle skal oppleve at dei blir møtt når dei kjem om morgonen
- Prøve å få tid til å snakke med foreldre/føresette i hente og bringesituasjonar
- Gje ut månadsplanar med evaluering av det arbeidet som ein har hatt den førre månaden

### **Foreldreråd**

- Består av alle foreldre/føresette til barna i barnehagen
- Foreldrerådet skal i følgje barnehageloven fremme fellesinteressene til foreldra og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldrepruppa skapar gode forhold i barnehagen

## **Samarbeidsutvalet (SU)**

Består av to representantar frå foreldrerådet, to frå personalet og ein frå eigar samt einingsleiar.

Barnehageeigar skal syte for at saker av viktigkeit førlegast foreldrerådet og samarbeidsutvalet.

## **Andre samarbeidspartnarar**

Barn og foreldre skal ha eit mest mogleg heilsakleg tilbod som sikrar barns oppvekst og utvikling best mogleg. For å få dette til krev det at barnehagen samarbeider med andre tenester og institusjonar i og utanfor kommunen.

Dei teneste barnehagen samarbeider med er:

- Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)
- Helsestasjon
- Barnevern
- Skulen

Ved slikt samarbeid vil barnehagen forhalde seg til bestemmelsane om taushets- og opplysningsplikt i barnehagelova og anna regelverk.

## **Tverrfaglige møter**

Barnehagen har 4 tverrfaglege møter i løpet av året. Dette er saman med PPT, barnevern og helsestasjon. Desse møta er etablert for å gje ein samla og koordinert hjelp til barn det er knytt bekymring til. Samtykke frå føresette er ein føresetnad for å kunne utveksle opplysningar om barnet.

## Årshjul

<b>August</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Oppstart og tilvenning</li></ul>
<b>September</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Tilvenning</li><li>• Brannvernveke, veke 38</li><li>• Foreldremøte</li></ul>
<b>Oktober</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• FN – dag. Me markerer fn-dagen i barnehagen 26.10</li><li>• Høstferie uke 41</li></ul>
<b>November</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Foreldresamtaler</li><li>• Brannøving</li></ul>
<b>Desember</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Lucia 11.12. Avdelingsvis</li><li>• Nissefest veke 51, Avdelingsvis</li></ul>
<b>Januar</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Felles formingsprosjekt med tema vinter. Veke 3</li></ul>
<b>Februar</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Felles utedag med vinteraktiviteter 16.02</li><li>• Samenes nasjonaldag, me markerer den i barnehagen 05.02.</li><li>Avdelingsvis</li><li>• Vinterferie veke 8</li><li>• Karneval 19.2</li></ul>
<b>Mars</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Påskelunsj, avdelingsvis 25.03</li></ul>

<b>April</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kreativ veke, veke 17</li> </ul>
<b>Mai</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 17. mai feiring 12.05</li> <li>• Fotografering</li> </ul>
<b>Juni</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sommarfest</li> <li>• Avslutning for skuleklubben</li> </ul>

På grunn av coronarestriksjonen har me ikkje satt opp felles sangsamlinger og foreldrekkaffe i årsplanen. Dersom coronasituasjonen endrar seg, vil me også endre på dette i barnehagen.